LINDÅS KOMMUNE

**Byggesak**
Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

R.S Bygg og Entreprenør

Elvavegen 20
5918 FREKHAUG

| | |
|---|---|
| **Dykkar ref.** | **Sakshandsamar:** Tor Hegle |
| **Vår ref.** 2011/276 - 0 - 4295/2011 | **Telefon** 56375000 |
| **Arkivkode:** | **Dato:** 10.02.2011 |

## Tilsyn. UTF veg, vatn og avløp. Gnr 196/4.

Det er ført tilsyn med heimel i PBL2008 kap.25 og SAK10 kap.15.

| | |
|---|---|
| Tilsynet omfattar: | Føretaket si rolle som ansvarleg utførande, tiltaksklasse 2. Grunn og terrengarbeid. |
| Tid og stad: | Torsdag 03.02.2011. Lindås Rådhus. |
| Frammøte frå tilsynsmynde. | Tor Hegle, Einar Urheim, Benjamin Hicks, Knut Bjørnevoll. |
| Frammøte frå føretak. | R.S Bygg og Entreprenør v/Robert Sagstad. Svein Arvid Andersen. |
| Sak§15-2 b. Føretak og ansvar i byggesaken | Føretaksnavn: R.S Bygg og Entreprenør.<br>Org.nr: 993341746.<br>Ansvarsområde UTF, tiltaksklasse 2. Grunn og terrengarbeid. |
| Rapportens konklusjon: | Reaksjon i nivå 3 for rolla som ansvarleg utførande (UTF). |
| Rapportering på prioriterte tilsynsområde (SAK10§15-3). 2011-2013. | Ikkje ført tilsyn med dette. |

<u>Funn/Observasjonar (Sak§15-2.c) Løyve/reglar som er brote (Sak§15-2.c).</u>

Kommunen har registrert følgjande observasjonar:

a) Det er registrert byggearbeid i reguleringsplan som er merka med grøn farge.
Følgjande byggearbeida er utført utan løyve:
- oppstart på å etablere støyvoll langs E39 utan løyve.
- større areal er teke i bruk til fylling/tipp.
Gjort avtale med naboentreprenør om løyve for han til å bruke "tippen".
- etablert veg gjennom byggetomter og inn i grøntområde.

b) Registrert at det er sett i gang byggearbeid på delar av eigedomen på byggefelt mot Nord, for å ta ut massar utan løyve.

c) Rive ned løebygg, utan løyve.

d) Byggearbeid langs leidningstrace er utført utan dokumentasjon for tverrprofil. Mangelen har ført til at grøfteoverflata er breiare enn normalt og at har fått verknad som "sår" i naturen.

e) Etablert "snuhammar" oppå leidningstraceen utan å søkt om dette.

f) Gravd av eksisterande eldre tilkomstveg på Gnr 196/4.

g) Byggearbeid med ny gangveg langs fylkesveg er utført slik at det vart farleg for publikum å passere anleggsstaden.

h) Bygd ny veg på 196/48 utan løyve.

Framlagt dokumentasjon (Sak§15-2.e).
Føretaket la fram prosjektperm for tiltaket med mellom anna eigne kvitterte sjekklister og avviksskjema. Føretaket er lokalt godkjent.

Kommunen sin vurdering av forholdet. (Sak§15-2.f). Konklusjon.
Kommunen har registrert følgjande avvik:

1. Det er registrert mangel i bruk av styringssystem sidan det er igangsett byggearbeid utan byggeløyve i pkt. a, b ,c, d,e,f og h.
2. Det er registrert feil i utføringa som har vesentlege konsekvensar for miljø og tryggleik i pkt. g. Dette er i strid med Pbl 2008 § 22-4, SAK2010 § 6-9.
3. Styringssystemet er ikkje revidert sidan 2002. Dette er i strid med SAK10-1§e og g.
4. Avviksskjema viser ikkje korleis ein vil hindra gjentaking og innarbeiding i føretaket sitt system. Dette er i strid med SAK10-1§f.

Det er vurdert å sette resultatet frå tilsynet i nivå 3. Nivåa er sett i samband med rundskriv HO-1/2004, pkt.8.1.:

Det er registrert vesentleg svikt i styringssystemet. (VSAK2010 § 6-9a.). Tilliten til føretaket er svekka. Det vert her tilrådd til kommunen å varsle føretaket om å tilbaketrekking av ansvarsretten (Pbl 2008 § 22-4. SAK2010 § 6-9. VSAK2010 § 6-9). Det er grunn til å vurdere minimum karenstid på 1 år, framlegging av dokumentasjon av styringssystem ved søknad om ny ansvarsrett, samt framlegging av referanse frå tiltak der det nye styringssystemet er brukt.

Oppfølging / sanksjonsforhold. Reaksjonar og sanksjonar frå kommunen (Sak§15-2.g).
Det vert teke atterhald om at dei opplysningar som er gjeve til - eller mottekne av byggetilsynet er korrekt. Urett eller villeiande opplysning kan føre til straffeforfølging og melding til politiet i medhald av PBL2008§32-9a.

Frist for lukking av avvik. (Sak§15-2.h)
Det vert her ikkje sett frist for lukking av avvik på grunn av dei andre tilhøva i tilsynsrapporten. Kommunen rås til å vurdere aktuelle tiltak i eigen oppfølgingssak knytt til sanksjon m.v.

Helsing frå NGIT

Tor Hegle
Tilsynsleiar

Kopi:
- Tiltakshavar v/ R.S Bygg og Entreprenør, Elvavegen 20, 5918 Frekhaug
- Ansvarleg søkjar v/ Ing. Dtein Hallgren VVA-planlegging AS, Tjuvikveien 4, 5108 Hordvik.
- Statens Bygningstekniske Etat, Postboks 8742 Youngstorget, 0028 Oslo
- Byggesaksavdelinga v/Einar Urheim, her.